
 Saksnr: 2021/6078-1
 Saksbehandlar: Peter Forras,

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

Tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 79 Verdsarv - Bryggen

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune tildeler tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 79, tilskot til verdsarven på Bryggen, samt tilbaketrekte tilskotsmidlar frå 2016, 2017, 2018 og 2019 til fyljande prosjekt:

Nr	Søker	Objekt	Tildeling	Førehands- løyving 2022
PB-100 Istandsetting				
1	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 1-2a	0	0
2	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 2a	0	0
3	Stiftelsen Bryggen	Bredsgården 2b	1.000.000	0
4	Gamle 3hus på vegne av FAV	Bredsgården 1a	5.300.000	2.700.000
5	Gamle 3hus på vegne av VATS	Svensgården 4a	2.500.000	0
6	Gamle 3hus på vegne av FAV	Svensgården 5a	3.400.000	0
7	Stiftelsen Bryggen	Jacobsfjorden 6a	5.300.000	3.000.000
8	Stiftelsen Bryggen	Jacobsfjorden 6b	4.000.000	3.000.000
9	Einar Børs for A/S Enhjørningsgården	Enhjørningsgården 3b	190.000	0
10	Einar Børs for A/S Enhjørningsgården	Enhjørningsgården 3c	145.000	0
11	Einar Børs for A/S Enhjørningsgården	Enhjørningsgården 3d	810.000	0
12	Einar Børs for A/S Enhjørningsgården	Enhjørningsgården 3e	185.000	0
PB-200 sikring og prosjektering				
13	Stiftelsen Bryggen	Bellgården 6-7c	130.000	0
14	Stiftelsen Bryggen	Enhjørningsgården	100.000	0
PB-500 fellesoppgåver				
15	Stiftelsen Bryggen på vegne av alle eigarar	Felles driftsoppgåver	450.000	0
16	Stiftelsen Bryggen	Materialbanken	125 000	0

Midlar til seinare fordeling				
17		Førehandsløyve 2022 heldt av for tildeling seinare i 2021		1.300.000

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering gir fylkesdirektøren fullmakt til å fordele førehandsløyve 2022 heldt av for tildeling seinare i 2021, jf. tabellrad 17 i vedtaks punkt 1. Dersom tiltak jf. tabellrad 1 -16 ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadane for tildeling, gjev hovudutval for kultur, idrett og integrering fylkesdirektøren høve til å omfordele midlane til ein eller fleire av dei innkomne søknadane. jf. pkt. 1 ovanfor.

3. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskota som er fordelt.

Samandrag

Saka gjeld tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven på Bryggen. Kwart år kan eigarane av bygningane på verdsarvstaden Bryggen søkje fylkeskommunen om støtte til sikrings- og istandsettingstiltak. På vegne av eigarane søkte Vestland fylkeskommune om 24,27 mill. kroner i tilskot for 2021 frå Riksantikvaren. I brev av 3. mars 2021 tildelte Riksantikvaren 13,55 mill. kroner til Vestland fylkeskommune for 2021 og 10 mill. kroner i førehandsløyve for 2022. Desse midlane skal no fordelast til dei omsøkte tiltaka på Bryggen.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Riksantikvaren skriv fylgjande om «Kriterier for tilskudd post 79 :

Tilskuddsordningen skal bidra til at verdensarvområdene utvikles som fyrtårn for den beste praksisen innen natur- og kulturminneforvaltning når det gjelder tilstand, forvaltning og formell beskyttelse. De framstående universelle verdiene skal sikres og ivaretas.

Områdene skal forvaltes i tråd med forpliktelsene i Unescos verdensarvkonvensjon, politikkdokumentene og retningslinjene for gjennomføring av konvensjonen.

Tilskuddsposten skal medvirke til at skjøtsel, vedlikehold og istandsetting av kulturmiljø følger beste praksis og benyttes som ressurser i en bærekraftig

samfunnsutvikling. Tildelingskriteriene for post 79 fremgår av Rundskriv T- I/20

(«Tilskudds Rundskrivet») fra KLD, datert 03.11.2020.»

Tilskotsordninga til sikring og istandsetjing av Bryggen har som målsetting å ruste opp verdsarvstaden Bryggen i Bergen til eit nivå som er i samsvar med kulturminnet sin verdsarvstatus, slik at ein kan halde fram skjøtselen med vanleg vedlikehald. Frå 2010 har Hordaland fylkeskommune - no Vestland fylkeskommune - hatt ansvar for å fordele midlar til istandsetting, sikring og nokre fellesoppgåver. Hovuddelen av tilskotsmidlane vert fordelt til istandsetting, og resten til materialbank, felles brannsikringstiltak og felles driftsoppgåver, samt eventuelle forprosjekter og forundersøkingar.

Vestland fylkeskommune har for året 2021 fått inn totalt 16 søknadar om tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429. post 79 til ulike tiltak på Bryggen. Samla søknadssum frå søkerane er 39,193 mill. kroner. Nokre av søkerane har ståande unytta midlar, og førehandstilsegn for 2021, som det ikkje er teke omsyn til i søknadane. I tillegg har fylkeskommunen disponible midlar i form av renteinntekter, tilbaketrekte midlar, omdisponerte midlar og ufordelte midlar. Til saman gjer dette at behovet for nye tilskotsmidlar er lågare enn søknadsbeløpet. På bakgrunn av dette søkte Vestland fylkeskommune Riksantikvaren om 24,27 mill. kroner i tilskot til Bryggen.

I brev av 3. mars 2021 fekk Vestland fylkeskommune tildelt 13,55 mill. kroner i tilskot for 2021 og ei førehandsløyve på 10 mill. kroner for 2022.

Fylkesdirektøren føreslår at delar av dei disponible midlane som skriv seg frå tilbaketrekte midlar mm. vert nytta til istandsetting for 2021, saman med årets tildeling frå Riksantikvaren. Unytta midlar til strakstiltak frå 2020 vert sett av til strakstiltak i 2021, slik at eigarane på Bryggen kan søkje dersom det er naudsynt. Det vil gje eit handlingsrom for å raskt bidra med midlar der det er naudsynt, framfor å øyremerke tilskotet til prosjekt der midlane kan ende opp med å stå lenge og ubrukt på konto. I tråd med Riksantikvarens føringar for 2021, vert det ikkje nytta friske midlar til strakstiltak. Det vert heldt av 1,3 mill. kroner av førehandsløyvinga for 2022 for tildeling seinare i 2021.

Vedtakskompetanse

Vedtaksmynde i denne saka er heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Saker der utvalet har avgjerdsmynde:

- Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.

Vurderingar og verknader

Disponible midlar

Tildeling frå Riksantikvaren for 2021	13.550.000
Førehandsløyve frå Riksantikvaren 2022	10.000.000
Tilbaketrekte midlar frå 2016-2019 som vert omdisponert	10.133.931
Strakstiltaksmidlar frå tidlegare år	1.315.637
Ubrukte rentemidlar til fordeling	333.650
Ufordelte midlar (rest tildeling)	48.931

Søknadar 2021

Tal søknadar	16
Tal på søknadar som er tilrådd støtte	14
Søknadssum 2021 frå eigarar	39.193.183
Reell søknadssum (trekt frå tilbaketrekte midlar frå 2016-2019, førehandsløyve 2021, ufordelte midlar 2019/2020 og ubrukte rentemidlar).	24.270.000
Søknadssum 2021 frå FK til Riksantikvaren	24.270.000

Økonomi: Saka gjeld fordeling av øymerka midlar frå statsbudsjettet og påverkar difor ikkje andre sider ved fylkeskommunen sin økonomi.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Mål 2 Klima og miljø som premis for

Samfunnsutvikling, strategi 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

Vurdering av innkomne søknadar

Tildelinga frå Riksantikvaren utgjer tilnærma 100% av det reelle behovet for nye tilskotsmidlar i år. Dei fleste av søknadene kan difor få høg prioritet, og nokre søknadar har fått innvilga tilnærma heile søknadsbeløpet. Generelt vert det teke omsyn til kor mykje ubrukte midlar som er knytt til dei ulike pågåande tiltaka.

For 2021 kom det inn få søknadar om forprosjekt og forundersøkingar. Søknadar om istandsettingsprosjekt utgjer mest heile søknadssummen for 2021. Størsteparten av ramma for 2021 vert sett til istandsetting.

Søknadane om istandsettingsprosjekt i Bredsgården 1a og Jacobsfjorden 6a og 6b er nye istandsettingsprosjekt med planlagt oppstart i 2021, og er basert på tilskot til prosjektering som vart tildelt i 2020. Behova for friske midlar er størst i desse prosjekta. Til saman vert det difor tildelt 22,6 mill. kroner fordelt på to år for desse prosjekta.

Istandsettingsprosjekta i Bredsgården 1-2a, 2a og 2b vert prioritert, sidan dei er fleirårige tiltak som er heilt i slutfasen. Tiltaka det vert søkt om i Bredsgården 1-2a og 2a har overførte midlar frå 2020 og førehandstilsegn for 2021 disponibelt for gjennomføring av omsøkte tiltak, og vert difor ikkje tildelt friske midlar. Tiltaka i Bredsgården 2b vert noko meir arbeidskrevjande enn planlagt og vert tildelt 1 mill. kroner i friske midlar til slutføring, og til samla sluttrapportering for 1.2a, 2a og 2b.

Svensgården 4a og 5a søker om avsluttande tiltak for å ferdigstille bygningane for bruk. Bygningane sikrast og det vert lagt til rette for ny bruk, i påvente av avklaringar for ein fullstendig antikvarisk istandsetting i framtida. Større delar av søknadane gjeld kompensasjon for tidlegare overflatar og tekniske installasjonar. Det vil seie å bringe innreiinga opp på eit tilsvarande nivå som før istandsettinga starta. Ståande midlar tildelt som tilskot til Svensgården 4a og 5a i 2018 vart trekt inn i 2020. Tilskot for 2019 er overført ein gong, til 2020, og er ikkje lenger gyldige. Dei vert trekt inn i 2021. Deler av midlane vert tildelt på ny slik at ferdigstilling for bruk kan fullførast i løpet av 2021.

Tiltaka i Enhjørningsgården 3b-3e, vidareføring av sprinkling i Bellgården 6-7c og måling av setningsutvikling i Enhjørningsgården 3c er mindre, men viktige tiltak som bidrar til sikring og bruk av desse bygningane.

Oppgradering av sprinklaranlegg er eit viktig sikringstiltak og vert difor prioritert.

Fellesdriftsoppgåver og materialbank er laupande oppgåver og dei får tilskot på om lag same nivå som tidlegare år.

Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjere vedtak i tråd med framlegget.